



DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Folkehelseinstituttet
Postboks 222 Skøyen
0213 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
24/3525-

Dato
28. april 2025

Supplerande tildelingsbrev nr. 1

Endringar i tildelingar:

- Kap. 702, post 21
- Kap. 710, post 22
- Kap. 710, post 23
- Kap. 714, post 21
- Kap. 714, post 22
- Kap. 714, post 60
- Kap. 745, post 01
- Kap. 745, post 21
- Kap. 745, post 45
- Kap. 760, post 21
- Kap. 765, post 21

Nye oppdrag:

- TB2025-21, Kunnskapsgrunnlag om bekymringsverdig skulefråver
- TB2025-22, Vidareutvikling, gjennomføring og validering av oppfølgingsmåling om pasienterfaringar med fastlegar for alle norske kommuner
- TB2025-23, Gjere greie for om, og korleis, Nasjonalt kartleggingssystem for selvmord kan etablerast som ei varig løysing
- TB2025-24, Oppgåver for FHI i det målretta samfunnsoppdraget «Ingen barn og unge utenfor!»
- TB2025-25, Vaksinasjon mot HPV i barnevaksinasjonsprogrammet
- TB2025-26, Sjukdomsbyrde og førebyggjingspotensiale

Postadresse
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo
postmottak@hod.dep.no

Kontoradresse
Teatergt. 9
www.hod.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
983 887 406

Avdeling
Budsjett- og
styringsavdelinga

Saksbehandlar
Vibeke Helene
Riekes
22 24 84 14

- TB2025-27, Belastingsfullmakt for Helse- og omsorgsdepartementet på kap. 1400, post 21 Klima- og miljødepartementet - Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om effekter av luftforurensning og støy til bruk i verdsetting

Endringer i tildeling

Helse- og omsorgsdepartementet syner til Folkehelseinstituttet sine forklaringar til statsrekneskapen for 2024, og søknad om overføring av ubrukt tildeling frå 2024 til 2025. Finansdepartementet har godkjent beløp som overførast til 2025, jf. rundskriv R-2/2025. Vi syner til tildelingsbrevet for 2025, og gjer følgjande endringar i tildelingane til Folkehelseinstituttet:

(i 1 000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
702.21	37 173	625	37 761
710.22	138 551	36 047	174 598
710.23	111 819	307 211	419 030
714.21	147 697	4 065	151 762
714.22	47 118	100	47 218
714.60	124 871	1 730	126 601
745.01	1 604 933	82 090	1 687 023
745.21	182 219	41 198	223 417
745.45	15 525	3 300	18 825
760.21	419 911	600	420 511
765.21	193 147	300	193 447

Kap. 702, post 21

FHI får 0,625 mill. kroner frå overført tildeling til arbeid med beredskapstiltak. Sjå tildelingsbrev for 2025 for føringar.

(i 1 000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
702.21	37 173	625	37 761

Kap. 710, post 22

Overførte midler fra 2024, jf. mindreutgifter og merinntekter over kap. 3710, post 03 i 2024.

(i 1 000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
710.22	138 551	36 047	174 598

Kap. 710, post 23

Overførte midlar fra 2024, jf. mindreutgifter knytt til innkjøp av vaksiner til vaksinasjonsprogram for vaksne og risikogrupper.

(i 1 000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
710.23	111 819	307 211	419 030

Kap. 714, post 21

Overførte midlar fra 2024, jf. mindreutgifter knytt til:

- Evaluering av ernæringsområdet: 820
- Program for folkehelsearbeid i kommunane (samfunnsoppdraget): 200
- Protokoll for vatn og helse: 145
- Tilrettelegging for internasjonalt samarbeid om vaksinasjonskunnskap: 1000
- Auka kunnskap om born og unge si psykiske helse – piloteringa av ungdomsundersøkinga PULS: 1900.

(i 1 000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
714.21	147 697	4 065	151 762

Kap. 714, post 22

Overførte midlar fra 2024, jf. mindreutgifter knytt til tobakksanalyser.

(i 1 000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
714.22	47 118	100	47 218

Kap. 714, post 60

Overførte midlar fra 2024, jf. mindreutgifter knytt til Program for teknologiutvikling i vassbransjen.

(i 1 000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
714.60	124 871	1 730	126 601

Kap. 745, post 01

Overførte midlar frå 2024 på grunn av mindreutgifter, jf. meirinntektsfullmakt på kap. 3745 post 02 og kap. 3710 post 03.

(i 1 000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
745.01	1 604 933	82 090	1 687 023

Kap. 745, post 21

Overførte midlar frå 2024 på grunn av mindreutgifter, jf. meirinntektsfullmakt for kap. 3745, post 02.

(i 1 000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
745.21	182 219	41 198	223 417

Kap. 745, post 45

Overførte midlar frå 2024 på grunn av mindreutgifter.

(i 1 000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
745.45	15 525	3 300	18 825

Kap. 760, post 21

Vi syner til Folkehelseinstituttet sitt innspel om overføring av ubrukte tideling frå 2024.

Folkehelseinstituttet tildelast 0,6 mill. kroner til følgjande tiltak:

- Fastlegekontoret 2023 – 0,2 mill. kroner
- Kunnskapsstøttesystem for kommunale helse- og omsorgstenester – 0,4 mill. kroner
(1000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
760.21	419 911	600	420 511

Kap. 765, post 21

Folkehelseinstituttet tildelast 0,3 mill. kroner til arbeidet med å følgje opp oppdrag om mørketall for sjølv mord.

(1000 kroner)

Kap.post	Tildeling i TB 2025	Ny tildeling STB 1	Sum tildeling 2025
765.21	193 147	300	193 447

Nye oppdrag

TB2025-21	Avd. HOD: KTA	Kunnskapsgrunnlag om bekymringsverdig skulefråver
Som en del av arbeidet i Kjernegruppen for utsatte barn og unge (KUBU) er etatsamarbeidet gjeve i oppdrag å samarbeide om bekymringsverdig skulefråver og utvikling av nasjonale faglege råd. Etatsamarbeidet har sett ned ei arbeidsgruppe for fråversoppdraget som består av Udir, Hdir, Bufdir, Statped og FHI. Arbeidsgruppa ber om at FHI kan bidra i utarbeidinga av kunnskapsoppssummeringar. Arbeidsgruppa vurderer at FHI har ein naudsynt spisskompetanse på området, og at denne kompetansen vil vere avgjerande for vidare framdrift i arbeidet. Med denne bakgrunnen ber HOD FHI om å bidra i arbeidet med å utarbeide relevant kunnskapsgrunnlag. Frist: Frist for arbeidet setjast i dialog mellom FHI og departementa. Kontaktperson HOD: Ragnhild Røhme Fjærtøft		

TB2025-22	Avd. HOD: KTA	Vidareutvikling, gjennomføring og validering av oppfølgingsmåling om pasienterfaringar med fastlegar for alle norske kommuner
-----------	---------------	---

FHI gjennomførte i 2023-2024 ei forskingsbasert grunnlinjemåling om pasienterfaringar med fastlegen og fastlegekontoret med resultat for alle kommuner, fylker og nasjonalt. I rapporten frå prosjektet tilrår ein ei ny oppfølgingsmåling i 2025, og deretter integrasjon i Kommunalt Pasient- og Brukerregister (KPR). Målet er å produsere forskingsbaserte data av nytte i evaluering av tiltak, helsetenesteforskning, kvalitetsutvikling og monitorering.

HOD bestiller med dette eit FoU-prosjekt frå Område for helsetjenester i FHI med føremål om vidareutvikling, gjennomføring og validering av første oppfølgingsmåling, i tillegg til vurdering av relevante momenter for ev. framtidig integrasjon av pasientrapporterte data i KPR.

FoU-prosjektet har følgjande målsettingar:

1. Å planleggje og gjennomføre ei første forskingsbasert oppfølgingsmåling i 2025, som kan samanliknast med grunnlinjemålinga.
2. Å utvide instrumentet og storleiken på utvalet slik at målinga i 2025 omfattar breiare indikatorar om pasientrapportert helse, livskvalitet, helsekompetanse og tillit, og er i tillegg stor nok til å gje grunnlag for resultat på kommunenivå for gruppa personar med kroniske helseproblem. Dette er i tråd med OECDs «International Survey of People Living with Chronic Conditions» (OECD-PaRIS survey).
3. Å vurdere relevante moment for ev. framtidig integrasjon av målingane i KPR.

Det skal vere eit møte i starten av prosjektet for å finne spesifikke problemstillingar som HOD ynskjer vert gjort greie for som del av resultatrapporten (relevante delkapittel), ut over resultata på indikatorar for kommunene og endringar frå grunnlinjemålinga. Resultat, vurderingar og validering presenterast i rapportar, notat og vitenskaplege publikasjonar.

Frist:

Vurderingane i punkt 3 presenterast våren 2026.

Resultatrapporten frå 2025-målinga presenterast hausten 2026.

Kontaktperson HOD: Ragnhild Røhme Fjærtøft

TB2025-23	Avd. HOD: FHA	Gjere greie for om, og korleis, <i>Nasjonalt kartleggingssystem for selvmord</i> kan etablerast som ei varig løysing
Helsedirektoratet har fått i oppdrag å gjere greie for om, og korleis, <i>Nasjonalt kartleggingssystem for selvmord</i> i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling kan etablerast som ei varig løysing med heimel i lov og føresegn. Oppdraget skal gjennomførast i samarbeid med Folkehelseinstituttet. Vi ber Folkehelseinstituttet å bidra i arbeidet. Frist: 15.11.2025 Kontaktperson HOD: Ellinor F. Major/Marie Havn		

TB2025-24	Avd. HOD: FHA	Oppgaver for FHI i det målretta samfunnsoppdraget «Ingen barn og unge utenfor!»
Departementet syner til tildeling på 1,6 mill. kroner til Program for folkehelsearbeid i kommunene i tildelingsbrev 30. januar 2025. 0,6 mill. kroner av tildelinga skal nyttast i samband med det målretta samfunnsoppdraget «Ingen barn og unge utenfor!». FHI skal i 2025 bidra i det nasjonale og regionale arbeidet med å nå delmåla i samfunnsoppdraget. • FHI skal basert på dei regionale prioriteringane for samfunnsoppdraget, hjelpe fylkeskommunene med forskningsbasert kunnskap om relevante tiltak. • FHI skal peike på to–tre konkrete tiltak som eignar seg for satsingsforslag (der det er gjort effektevalueringar) som kan bidra i arbeidet til å halvere delen barn og unge med låg livskvalitet og redusere dei sjølvrapporterte psykiske helseplagene til born og unge med 25 prosent. • FHI skal bidra i arbeidet med å spreie kompetanse på eigenevaluering til kommuner og frivilligheit. Frist: 31. desember 2025 (Satsingsforslag: 7. november 2025) Kontaktperson HOD: Reneé Høegh Krohn/Marius Fosse		
TB2025-25	Avd. HOD: FHA	Vaksinasjon mot HPV i barnevaksinasjonsprogrammet
Departementet syner til oppdrag TB2025-2 til Direktoratet for medisinske produkt (DMP) i tildelingsbrev for 2025, der departementet ber Direktoratet for medisinske produkter, i samarbeid med Folkehelseinstituttet, om å oppdatere anbefalinga om bruk av HPV-vaksine i barnevaksinasjonsprogrammet. DMP leier oppdraget. Departementet vil understreke at i tråd med gjeldande hovedinstruks, er det Folkehelseinstituttet som skal gje anbefalingar til departementet om kva for tilbod som skal inngå i og finansierast gjennom vaksinasjonsprogram. Departementet ber Folkehelseinstituttet samarbeide med Direktoratet for medisinske produkt om å vurdere langsiktige verknader og samfunnsøkonomisk nytte av programmet, inkludert verknader med konsekvensar for livmorhalsprogrammet, og verknader av å førebyggje kjønnsvorter. Frist: 1. november 2025 Kontaktperson HOD: Didrik Vestrheim		
TB2025-26	Avd. HOD: FHA	Sjukdomsbyrde og førebyggjingspotensiale

Folkehelseinstituttet skal i samarbeid med Helsedirektoratet i 2025 starte arbeidet med innretting av kunnskapsgrunnlaget for komande folkehelsemelding (2026–2027). Omfang, arbeidsfordeling og tidsfrist avtalast mellom Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet.

Folkehelseinstituttet skal i samarbeid med Helsedirektoratet skildre korleis data om sjukdomsbyrde og andre kjelder kan nyttast i vurderinga av førebyggjingspotensialet knytt til felles modifiserbare risikofaktorar for m.a. kreft og andre ikkje-smittsame sjukdomar (alkohol, tobakk, fysisk aktivitet og kosthald). På sikt er målet å utvikle eit system som synleggjer førebyggjingspotensialet, inkludert korleis ein kan gjennomføre samfunnsøkonomiske analyser av aktuelle tiltak.

Frist: 31. desember 2025

Kontaktperson HOD: Marius Fosse

TB2025-27	Avd. HOD: FHA	Belastingsfullmakt for Helse- og omsorgsdepartementet på kap. 1400, post 21 Klima- og miljødepartementet - Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om effekter av luftforurensning og støy til bruk i verdsetting
-----------	---------------	--

Klima- og miljødepartementet (KLD) syner til oppdraget «Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om effekter av luftforurensning og støy til bruk i verdsetting» («Verdsetjingsprosjektet»), som KLD og Helse- og omsorgsdepartementet gav til Folkehelseinstituttet og Miljødirektoratet i brev datert 24. april 2023. KLD syner til endeleg prosjektplan for prosjektet, som vart sendt til departementa 26. februar 2024. KLD gjev med dette HOD fullmakt til å delegere belastingsfullmakt til Folkehelseinstituttet for arbeid med Verdsetjingsprosjektet i 2025.

Frist: 31.12.2025

Kontaktperson HOD: Marius Fosse

Løyvingsvedtak

Vi syner til Prop. 1 S (2024-2025), og vil med dette presisere at følgjande kapittelpostar har stikkordet «kan overføres»:

Kap. 710, post 21

Kap. 710, post 22

Kap. 745, post 21
Kap. 745, post 45

Med helsing

Thomas Neby Baardseng (e.f.)
ekspedisjonssjef

Vibeke Helene Riekeles
avdelingsdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Direktoratet for medisinske produkter
Helsedirektoratet
Klima- og miljødepartementet
Riksrevisjonen